

Infoskriv 17.aug-15

1. og 2. klasse.



## Velkommen til nytt skuleår 😊

Eg gler meg til å verta kjend med dei nye på skulen, 1. klassingane og til å møta att 2. klassingane, som har hoppa opp eit trinn sia sist.

Vonar de alle har hatt ein fin sommar og er klare for eit nytt skuleår.

**Her kjem litt praktisk informasjon frå meg.** (De vil og få informasjon hjå ho Torunn etter kvart, og elles kjem det foreldremøte om ikkje altfor lenge).

- **Uteskule:** Ta med høvande kle og sko. Det er ikkje kjekt å vera våt og kald ute. Me går alltid ut, uansett ver. De kan ha regnkle /støvlar ståande på skulen. Då har elevane kle til dårleg ver i friminutta og.
- **Lekser:** Viktig at foreldra øver med elevane, det er kjekt for både elevar og foreldr e. Gjer **kun** dei sidene som står i lekseplanen, elles vert det rot i systemet.

Me kan avtala meir / mindre lekser etter kvart.

- **Den gule permen** elevane får med seg er til informasjon frå skulen. Dersom de ynskjer å senda ei melding, kan de leggja meldeboka fremst i den, så ser eg det om morgonen.
- **Meldeboka** må de og skriva i dersom eleven har vore sjuk, eller om han/ho skal ha eim ein kortare permisjon.
- **Fråver:** Dersom eleven er sjuk ein dag, må de ringja skulen same morgon og gje beskjed.
- **Vekeplanen** kjem annakvar måndag. Den inneheld **lekser og informasjon** om ting som skjer i perioden.
- **Gul perm:** Skal liggja i sekken. Der finn de vekeplanar og informasjon.
- **2. klasse** må ta bokbind på Kaleido Lesebok.

Ha ein fin sommar vidare, ta kontakt dersom de lurar på noko.

Helsing Liv V.